


# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 – Vår 2018 – 89. årg.

*God påske!*



*Åmotsdal kyrkje*

# Selg og Høgtid

## REDAKSJON:

Kyrkjekontoret  
Telefon: 480 85 754  
Bankgiro: 2711.20.31826  
post@seljordkyrkje.no

## Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00  
Onsdag 09.00-13.00  
Torsdag 09.00-13.00  
Elles treffetid etter avtale.  
Kontoret kan være ubemanna pga oppdrag ute.

## Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim  
Mobil: 907 78 921  
dag.harald@seljordkyrkje.no

## Undomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409  
petter@seljordkyrkje.no

## Kyrkjeverje Jon Svartdal

Mobil: 917 23 967  
jon@seljordkyrkje.no

## Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470  
keith@seljordkyrkje.no

## Soknediakon

Svanhild Rui Gustavsen  
Telefon: 480 85 754  
Mobil: 915 77 011  
svanhild@seljordkyrkje.no

## Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden  
Mobil: 907 84 971  
ivar@seljordkyrkje.no

## Eilev Eiesland Bjørge

Mobil: 975 45 943  
eilev@seljordkyrkje.no

## Seljord sokneråd:

Kristine Nystad  
Mobil: 466 52 462

## Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skårnes  
Mobil: 909 49 415


## Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing  
Telefon: 958 67 866

## Heimeside:

www.seljordkyrkje.no

# Å feste blikket på Jesus



Faste og advent har mykje til felles i kyrkja. Både tidene nyttar lilla som liturgisk farge, og både tidene skal – gjennom stille, bøn og faste – vere med på å førebu oss for høgtida som ligg framføre oss.

Fastetida skal gjeve oss hjelp til å førebu oss for påskehøgtida.

Dei ulike sundagane i fastetida har ulike namn. Desse namna skal vere med på å gjeve oss hjelp til å sjå ulike sider av førebuingstida.

Den tredje sundagen i fastetida har tradisjonelt hatt det latinske namnet oculi, som tyder mine auge. Dette ordet er henta frå den gamle bøna som innleia denne sundagen – bøna som har henta grunnstoffet sitt frå Salme 25,15:

*«Mine auge er alltid vende mot Herren».*

Å førebu seg på påskehøgtid – gjennom bøn og faste – er å feste blikket på Jesus Kristus. Og når vi får festa våre auga på han, kan det hende som me syng om i påskesalmen:

*Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.*

Og samstundes: Når me får festa vårt blikk på han, vil han kunne feste sitt blikk på oss. Då skjer det som teksten for tredje sundagen i fastetida fortel om: Me blir sett, bekrefta og løfta opp.

Og dermed er me midt i sentrum av påskebodskapen – Jesu blikk som møter vårt blikk. Evangeliet fortel at Jesu blikk møtte Peters blikk i det avgjerande augeblikket.

Slik står det skrive i Lukas 22,61:

«Då vende Herren seg og såg på Peter»

Hans blikk gir oss det som langfredagssalmen kaller «kraften av en guddomsstråle»:

*Gode Frelser, kan jeg tåle  
kraften av en guddomsstråle,  
å, så send den fra deg ned!  
Tenn meg, at jeg må, jeg arme,  
full av ånd og hellig varme,  
kjenne all din kjærlighet!*



God og velsigna påske  
til kvar og ein!

---

## Samanslåing av kyrkjesokna



*Bildet syner forsamlinga som var til stades på fellesmøtet i Flatdal.*

Kyrkja i Seljord kommune består av tre kyrkjesokn i dag - Seljord, Flatdal og Åmotsdal. Kwart sokn har sitt eige sokneråd.

Onsdag 7. februar 2018 var alle tre sokneråda samla til fellesmøte på Flatdal Samfunnshus. På dette møtet vart det samtalt om ei mogeleg samanslåing av dei tre kyrkjesokna - til eitt kyrkjesokn for heile kommunen. Representantar frå Hjartdal og Kviteseid var til stades på fellesmøtet. Dei har gjort ei slik samanslåing, og hadde mykje erfaring å dele med oss andre. I neste omgang vil dei tre sokna drøfte spørsmålet i eige sokn, før det blir tatt ei avgjerle.

# Digital kommunikasjon i kyrkja

I dag skjer mykje – kanskje all – kommunikasjon frå offentlege etatar og verksemd via digitale verktøy.

Kyrkja er etter kvart ikkje noko unntak i denne sammenhengen.

Kyrkjekontoret rår over ei heimeside på internett som blir nytta til informasjon. Denne sida finn du på denne adressa:


[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

På denne sida finn du oppdaterte gudstestelister og mykje anna. Vil du til dømes melde barn til dåp, kan du gjere det

frå kyrkja si heimeside. Og kan du ikkje finne siste nummer av Helg & Høgtid – eller eit tidlegare nummer – så vil du kunne finne det på heimesida.

Heimesida på nettet dekkjer alle dei tre kyrkjesokna våre.

I tillegg til dette heve alle dei tre kyrkjesokna sine eigne sider på Facebook. Her vert det fortløpande lagt ut informasjon om aktuelle saker i den einskilde kyrkjelyden. For å finne kyrkjelydane sine facebooksider, søker du berre på namnet til kyrkja (Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje og Åmotsdal kyrkje).



Kyrkja i Seljord har eiga heimeside på internett – [www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

Alle dei tre kyrkjene våre har eigne sider på Facebook.

# Seljord Indremisjons møter på Misjonshuset

Seljord Indremisjon har disse møta på Misjonshuset våren 2018:

## **Fredag 16. til og med søndag 18. mars**

Bibelhelg med tidlegare Bibelskule rektor Kurt Hjemdal. Fredag og søndag møte kl. 19.00. Laurdag Bibeltime kl. 10.30 og fellesskapskveld kl. 18.00 med andakt, underholdning og kveldsmat.

## **Tysdag 10. april kl. 19.00**

Dag Harald Undheim innleier til samtale ut i frå Johannes 10. 1-10. Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.



## **Søndag 15. april kl. 19.00**

Tale og sang av Ole Andre Eliassen frå Norsk Luthersk Misjonssamband.

---

## Slekters gang

### **Døpte:**

#### **Seljord:**

Selma Brekkan  
Iben Berdal-Bø  
Mari Manheim

#### **Flatdal:**

Kaare Magnus Solheim

### **Vigde:**

#### **Seljord:**

Unni Hølland og  
Ole Andreas Hamsun Rustad

#### **Flatdal:**

Tine Angelica Jacobsen Hansen og  
Ole Henning Brekke Traaserud

### **Døde:**

#### **Seljord:**

Kåre Aakre  
Tomine Fjalestad  
Anna Bjorheim  
Trygve Rinde  
Bergljot Prestholt  
Gunstein Nikolai Berge  
Anne St Jamgrav

#### **Flatdal:**

Ole Johan Wahl  
Anne Dale Rue  
Kjell Magnus Paulsen  
Anne Mjaugeto  
Olav Sverre Bakkemoen  
Reidun Lunde

### **Åmotsdal:**

Einar Øverbø



**SELJORDVARMESERVICE AS**  
www.seljordvarme.no eller ring oss på 35 08 41 00

# Norsjø kammermusikkfest



Norsjø kammermusikkfest 2018 går av stabelen for femte gang i veke 16. Også i år får Seljord besøk av festivalen med skulekonsertar og ein kveldskonsert i Seljord kyrkje onsdag 18. april.

Konserten i Seljord kyrkje vil ha stort fokus på jubileumsmarkeringane av A.O Vinje og Edvard Grieg og verk av des-

se to vil stå i sentrum for konserten. Eit bestillingsverk av Martin Ødegaard med tema Vinje/ Grieg og «Ferdaminni» vil og bli utframført på denne konserten. Du vil oppleve ein stor konsert med nokre av landets beste utøvarar på sine instrument. Grip denne sjansen! VEL MØTT!

*Kjell Stundal, styreleiar tlf 901 27 513*

Hjarteleg takk  
Til alle som besøkte  
oss og sende blomar og  
helsingar i 2017.

*Helsing avdelingane  
innan pleie og omsorg,  
Seljord kommune*

Hjarteleg takk  
For minnegåva som vart  
gjeven ved Annbjørg  
Valla si gravferd.

*Helsing tilsette ved  
somatisk avdeling  
Nesbukti pleie- og  
omsorgsenter*

Hjarteleg takk  
For minnegåva som  
vart gjeven ved Halldis  
Sandsdalen si gravferd.

*Helsing tilsette ved  
Heddeli bu- og service-  
senter*

# Tysdagsklubben 2017



*På biletet ser du ein del av ungane med fine kroner som dei har laga.*

I 2017 har Tysdagsklubben hatt ni samlingar. Det tyder at me møtest ein gong i månaden kl 16.30-18.00 på Misjonshuset. Der startar me alltid med eit varmt måltid for både ungar og vaksne. Det er populært sidan ungane kjem rett frå barnehage eller SFO, og dei vaksne gjerne kjem frå jobb.

Etter maten er det tid for bibelforteljing, song og av og til ein lek. Så brukar me litt tid på å lage noko som ofte har med temaet for dagen å gjera. Desse tinga får ungane som oftast med seg heim.

Medan ungane er opptatt med dette, høver det for nokon av dei vaksne å ta ein prat over ein kaffikopp. Ofte vert kvelden avslutta med litt kake for både små og store.

I 2017 var det 26 born med på Tysdagsklubben. Dei fordelte seg slik kjønnsmessig: seksten jenter og ti gutar. Alderen på ungane spanner frå to til om lag ti år.



*Joleverkstaden der 20 ungar var travelt opptatt med å lage jolepynt.*

To gonger i året bed me inn alle ungane frå eitt årskull til ein av kveldane våre. Andreklassingane blir bedne inn til ein filmkveld i vårhalvåret, og fyrsteklassingane til joleverkstad i desember. På den måten får fleire høve til å bli kjent med opplegget vårt.

Kvart halvår står programmet til Tysdagsklubben i Helg og Høgtid, men den sikraste annonseringa har vist seg å vera Facebook. Det blir lagt ut melding på Tysdagsklubben si side nokre dagar før neste samling slik at foreldra får ei påminning om neste klubbkveld. Halvårsprogrammet ligg også på Seljord kyrkje si Facebook-side.

Me nyttar opplegg frå Sundagsskulen, og får ein del stønad frå dei. Vilåret for å få det er at kvart barn betalar kr 50,- pr. år. Resten av utgiftene blir dekt gjennom kyrkjelyden sin ressursar i planen for dåpsopplæring. Me ynskjer velkomen til nye klubbksamlingar i 2018!

*Bergit Lisleåsheim Telnes*

# Fjellmesse på Roe i Dyrlandsdalen

Tradisjonen tru vil det verte fjellmesse i Åmotsdal i juli månad. Denne gongen vil messa verte arrangert søndag 15. juli, og me har vore så heldige at me har fått lovnad på å få kome til Roe i Dyrlandsdalen.

Messa byrjar kl 12:00 – og det skal vere barnedåp. Når messa er slutt vil det verte god tid til kyrkjekaffe og sosialt samvær. Ta med deg noko å sitje på – soknerådet i Åmotsdal vil syte for sal av kaffe og mat.



*Velkomen til fjellmesse på Roe i Dyrlandsdalen 15. juli. Foto: Jack Hagen*

## Messe på Uppigard Natadal

Sumaren 2018 – nærare bestemt på sjølvaste Olavs-dagen/Olsok 29. juli – skal det vere messe i historiske omgivnader på Uppigard Natadal. Messa byrjar kl 12:00. Når messa er slutt, vil det vere servering av kyrkjekaffe, samt ein enkel matrett. Det er ikkje naudsynt å ta med seg noko å sitje på denne gongen. Det vil og verte orientering og framsyning ved vertskapet på staden – Mette og Dag Aanderaa. Velkomen til messe i stemningsfulle omgivnader.



*Eldhusbakken, Uppigard Natadal.*

### Påska i kyrkja i Seljord

Påska vert naturlegvis markert på ulike måtar i kyrkja i Seljord. Slik ser programmet ut:

- Palmesundag er det messe kl 11:00 i Flatdal.
- Skjærtorsdag er det nattverdmesse på Nutheim kl 19:00. Etter messa er det kyrkjekaffe i den gamle prestegarden.
- Langfredag kan du velje mellom Manndal kapell kl 11:00 og Seljord kyrkje kl 19:00. Då vert det pasjonsmesse både stader. Og har du lyst til å få med deg både to, så er du sjølvsagt hjarteleg velkomen til det.
- Påskedag er det høgtidsmesse i Seljord kl 11:00, og i Svartdal kapell kl 15:00.

***Vel møtt i kyrkja!***

# Seljord Misjonsforeining



Seljord Misjonsforeining er samla kvar første torsdag i månaden på Misjonshuset.

Foreininga arbeider for NMS, og Gudveig Gravir er leiar.



På møta er det song og andakt, og arbeid til beste for misjonen. Dessutan er det god tid til mat og sosialt fellesskap.

Har du lyst til å vere med ? Då er du velkomen til Misjonshuset første torsdag i månaden.

---

## Endringar i gudstenesteplanen våren 2018

Det har skjedd nokre endringar i gudstenesteplanen for våren 2018 - nærare bestemt for påska. Endringane er:

Det vert ikkje messe i Manndal kapell skjærtorsdag. I staden vert det pasjonsmesse same staden (Manndal kapell) på langfredag kl 11:00.

Det vert ikkje pasjonsmesse i Seljord kyrkje langfredag kl 11:00. I staden vert det pasjonsmesse same staden (Seljord kyrkje) og same dagen kl 19:00.

Det er fint om du som les dette kan vere med og spreie det.



*Manndal kapell.*

# Et sognebud – vandring i Landstad sine fotefar



*Vandringa startar og sluttar i kyrkja i Åmotsdal kyrkje. Dette var og Landstad sitt utgangspunkt, då han reiste i sognebud den gongen på 1840-talet.*

På byrjinga av 1840-talet, skreiv Magnus Brostrup Landstad diktet Et Sognebud.

Slik vert diktet innleia:

*Jeg red mig op gjennom Dalen  
og over den øde Mo*

*Det gik over Myr og Mose  
høit op paa den bratte Heid*

*Jeg kom just frå Kirkens Messe  
og reiste i Sognebud*

Sundag 24. juni 2018 kan du få vere med på ei vandring i Landstads fotefar. Me skal freiste å gå den vegen presten reid den gongen han utførte dette soknebudet.

Vandringa vil ha oppmøte ved Åmotsdal kyrkje kl 09:00. Herifrå vil det bli transport til Skuldalen - utgangspunktet for



*Ein del av altertavla i Åmotsdal kyrkje.*

vandringa. Når sjølve vandringa er slutt, vil me bli henta ved Møsvatnet, og køyrde attende til Åmotsdal kyrkje. Her vil det så bli kyrkjekaffe, og messe kl 17:00, og på det viset vil me slutte vandringa på same viset som Landstad slutta vandringa i soknebudet den gong ved Møsvatnet:

*Saa vied jeg Brød og Bæger  
til Nadverd i Herrens Navn*

Du må ha med deg mat og drikke for turen, og gode klede. Medan me vandrar vil det verte tid til song, lesing og ettertanke. Turleiarar vert Svanhild Rui Gustavsen, Karl Valhovd og Dag Harald Undheim.

Av omsyn til transporten er det fint om du kan gjeve melding til kyrkjekontoret eller diakonen dersom du vil vere med.

Telefon kyrkjekontoret: 480 85 754  
Telefon diakonen: 915 77 011

# Landstadvandring 2018



Som del av trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane våre, vil sokneråda arrangere Landstadvandring for alle 9-åringane i kommunen. Vandringa skal finne stad søndag 22. april 2018 kl 17:00.

Målet med vandringa er å gjere borna kjende med salmediktaren og folkeminnegranskaren Magnus B. Landstad.

Vandringa skal gå føre seg med utgangspunkt i kyrkja. Frå kyrkja skal me gå til landstadmonumentet på Tremerrhaugen, og deretter til Seljord Prestegard. Innbyding kjem i posten.

*Biletet syner Landstadmonumentet på Tremerrhaugen, og Seljord kyrkje.*

---

## Kyrkjeklokkene ringjer høgtida inn

Bruken av kyrkjeklokkene er i Noreg regulert av ein eigen føresegn. I denne står det skrive kva tid kyrkjeklokkene skal nyttast.

Den mest vanlege er at klokkene blir nytta til den daglege innringinga til messe og kyrkjelege handlingar som vigslе og gravferd. I tillegg til dette skal klokkene nyttast til å ringje høgtida inn. Dette skjer ved at klokkene ringjer og kimar

klokken 17:00 på eftan føre høgtidsdag – joleftan, påskeeftan og pinseeftan.

I gamle dagar var dette både eit signal til skjenkestadene om at no var det tid for å stengje kranene, og ei påminning til innbyggjarane om høgtida som land og folk no gjekk inn i. I dag er denne bruken av kyrkjeklokkene utelukkande ei påminning om høgtida.



*Kyrkjeklokkene i Seljord, Flatdal og Åmotsdal ringjer høgtidene inn i prestegjeldet vårt.*



Vi leverer ladestasjoner for **effektiv lading** av din elbil



Et riktig installert ladepunkt forebygger brannfare.

Ferdig montert kr. 13.500,-\*

\* inntil 10 m. kabel

**Ta kontakt med oss i dag!**

Tlf.: 35 06 10 00  
telemark@elektropluss.no  
**www.elektropluss.no**



# Herre du vandrar forsoningens vei

I den nye norske salmeboka, finner vi mange salmer som er felles for svensk, dansk og norsk salmebok. En av disse er Herre du vandrer forsoningens vei.

Denne salmen ble skrevet av den svenske salmedikteren Tore Littmarck i 1972, i forbindelse med en svensk kirkelig nødhjelpsaksjon.

I forbindelse med denne nødhjelpsaksjonen, ble salmen brukt i en film som skulle informere om innsamlingen. Filmen fikk navnet «Vägen» - på norsk «Veien».

Sangen ble senere oversatt til norsk av Bodvar Schjelderup, og til dansk av Holger Lissner.

Her er teksten til salmen:

*Herre, du vandrer forsoningens vei,  
selv både flyktning og fredløs.  
Smertenes gate med hete og støv  
din kjærighet drev deg å gå.  
Vis du oss veien, forsoningens Herre!  
Gi du oss vilje å gå den!*

*Herre, du viser oss frihetens vei,  
fri er blott den som kan tjene,  
den som av kjærighet glemmer seg selv,  
den som blir tilgitt - og tilgir:  
Vis du oss veien, du frihetens Herre!  
Gi du oss vilje å gå den!*

*Herre, du vandrer forbrødringens vei,  
lær oss å gå over grenser.  
Kunnskap og sannhet og omsorg og rett  
får vi som søsken erfare.  
Vis du oss veien, forbrødringens Herre!  
Gi du oss vilje å gå den!*

*Herre, du viser oss himmelens vei,  
viser oss veien til livet.  
Målet er himmelen, jorden vår vei.  
Selv går du her ved vår side.  
Vis du oss veien, du himmelens Herre, gi  
du oss vilje å gå den!*

Jesus vandret på mange veier mens han var her på jord. En gang kalte han seg selv for Veien.

Til slutt vandret han på det som kalles for Via Dolorosa – smertenes vei – opp til Golgata.



## Diakonens hjørne

Av og til kan det vere godt å ha nokon å dele tankane med, så om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf. 915 77 011  
e-post: [svanhild@seljordkyrkje.no](mailto:svanhild@seljordkyrkje.no)  
Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

*Svanhild,  
soknediakon*



# 24 HOURS festival

For deg som går i 5. - 7. klasse

**Sumobryting    Gigaball**  
**Konkurranser    Spenning**  
**Klatring    Musikk**  
**Boksing    Tempo    Venner**  
**Bading    Borrelåsvegg**  
**Wipe out    Sug i magen**

**Gullbring Kulturanlegg, Bø i Telemark**  
**7.-8. april kl. 12 - 12**

Påmelding fra 1. mars. Pris kr. 500,- / søskenmoderasjon fra barn nr. 2 kr. 450,-  
Førstemann til mølla!

For mer informasjon og påmelding:

**[www.bokyrkje.no](http://www.bokyrkje.no)**

Arrangør: Sauherad og Nes menighet, Holla og Helgen menighet, Lunde og Flåbygd menighet,  
Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar, Bø kyrkjelyd, Bø Normisjon og Bø Pinsemenighet

# Konfirmasjonar 2018

## Seljord, Flatdal og Åmotsdal

**Seljord kyrkje,**  
**søndag 6. mai kl. 11**

Stine Braaten  
Vegard Brekke  
Ragnhild Haugstøl-Dyrland  
Håkon Øygarden Haugland  
Markus Lia-Moen  
Astrid Skogheim Skræi  
Ivar Torsdalen  
Såmund Velta

**Seljord kyrkje,**  
**søndag 6. mai kl. 13**

Håkon Andrup  
Guro Bjørge  
Selma Brekkan  
Odin Kåsa Dehli  
Anette Ellingsen Forbord

Tarjei Sivertsen  
Markus Myrvang Tangen  
Erlend Klingan Valla

**Flatdal kyrkje,**  
**søndag 20. mai kl. 11**

Thea Kasin Aase  
Sindre Barstad Birkrem  
Marielle Funner  
Karsten Nieuwenhuize  
Helene Smeland  
Ragnhild Stade

**Åmotsdal kyrkje,**  
**søndag 20. mai kl. 13**  
Eskild Grindalen  
Gunhild Teigland Kleivi  
Marit Kultan

---

## BABYSANG VÅR 2017



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskolen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

**Dagen er: Onsdag**  
**Tid: 11.30**

**Datoane er:**  
**4. april og**  
**5. september**

VELKOMMEN!  
*Helsing frå Kyrkja i Seljord*  
*v/Svanhild, soknediakon.*

**Viss du lurar på noko, ring:**  
Tlf. kontor: 480 85 754  
Mobil: 915 77 011

# Alternative betalingsformer i kyrkja

Samfunnet – og kyrkja - har etter kvart teke i bruk ulike alternative betalingsformer. Nettbank, kort, vipps og anna har i dag meir eller mindre blitt daglegdagse oppgjersformer.

Den lokale kyrkja her i Seljord lyt følgje med i denne utviklinga. Dersom du skal betale noko til **Seljord kyrkjelege fellesråd** – til dømes bladpengar til Helg og Høgtid – kan du nytte vipps nummer **130617**.

Skal du betale noko til **Åmotsdal sokn** – eller kanskje du ikkje har kontantar når offer vert teke opp i kyrkja – kan du nytte vipps nummer **137939**.

I meldingsfeltet på vipps skriv du kva innbetalinga gjeld – til dømes diakoni og ungdomsarbeid, offer eller anna.

Om du ikkje hugser nummera når du treng dei, kan du under betalingsmenyen

på vipps søke på Seljord kyrkjelege fellesråd, eller Åmotsdal sokn.

Dei andre sokna – og Helg & Høgtid – vil med det første skaffe seg sine egne vippsnummer.



Har du ikkje med deg kontanter i kyrkja ein søndag, men ønsker å gjeve ei gåve til dagens takkoffer? No har du høve til å gjeve ei gåve ved å nytte **vipps**

Det kostar ingenting å gjeve pengar på denne måten og pengane kjem trygt fram. Du må ha smarttelefon og app'en.

---

## Messe på bedehuset

Kvart år – tredje søndag i adventstida – er det messe på bedehuset på Nes på Garvikstrondi. Messa i år hadde godt besøk – alle stolane var i bruk.

Innhaldet på slike messer er gjerne noko enklare enn i kyrkja. Men til gjengjeld er det god tid til mat og sosialt samvær.

*God oppslutnad om messe på Nes  
bedehus tredje søndag i adventstida.  
Heilt fullt rundt borda.*



# Kyrkja treng fleire frivillige medarbeidarar

Kyrkjelydane i Seljord prestegjeld treng fleire frivillige medarbeidarar. Særleg har be behov for fleire som kan være gudstenestemedhjelparar i Flatdal kyrkje og Åmotsdal kyrkje. Ein gudstenestemedhjelpar gjer ulike oppgåver knytt til messa etter nærare avtale med presten. Slike oppgåver kan vere tekstlesing, lesing av kunngjeringar, deltaking ved dåp og nattverd m.m.



*Kyrkja treng fleire frivillige medarbeidarar. Særleg treng me gudstenestemedhjelparar til kyrkjene i Flatdal og Åmotsdal.*

Dessutan treng me stadig fleire som kan vere med på å skipe til kyrjekaffe etter søndagsmessa, samt nokon som kan vere hjelpsam med kyrkjeskyss ein gong i mellom. Dersom du kan vere med på noko av dette, kan du kontakte kyrkje-

kontoret eller ein av oss som arbeider i kyrkja.

---

## Kyrkjeverjespalta

I fjor haust fekk vi eit tilbod frå Nav kontoret i Seljord om at dei hadde tilgang på folk som kunne gjera ein jobb med til dømes måling innvendig av dei gamle toalettanlegga våre.

Det skulle ikkje koste Fellesrådet noko anna enn at vi måtte halde måling og rullar og kostar. No var det slik at på våre uthus så står det verre til utvendig enn innvendig, det er særleg gavlen på bårhuset i Flatdal som er roten og flagna. Det innvendige hadde vi lenger nede på lista, men no var det snakk om vinterarbeid, og då stilte det seg annleis. Toaletta i Flatdal og Seljord er omtrent like gamle som kyrkjeverja, og har kanskje blitt måla ein gong etter at dei var nye. Det var i Flatdal det stod dårlegast til, veggane er av huntonitt-

plater, og målinga hadde sprukke i hjørna. To flinke karar har sparkla og måla, så no har det blitt så fint som det kan i dei gamle bygga med enkle tiltak.

Der er bitte små vindfang inn til toaletta, og der var furupanel som var misfarga av kvite flekkar, ein skulle tru nokon hadde klint gjennomslitt kvit beis på nokre små område. Derfor beisa karane heile vindfanga med gjennomslitt kvit beis. Då blei strukturen i panelen framleis synleg, og flekkane blei usynlege. Inne i bårhuset er der også furupanel, og under kjøleaggregatet var der også ein stor skjemmaende kvit flekk. Derfor har no bårhuset blitt behandla med kvit gjennomslitt beis, og har blitt mykje finare. Til sommaren må heile uthuset i Flatdal pussast opp utvendig.

# Kyrkjelydstur til Nidarosdomen og spelet om Heilag Olav

26.07. – 31.07.2018

15.02.2018

## DAG 1: torsdag 26.07.2018

### Til Dombås

Avreise med buss frå Seljord kl.08.00 og bus-  
sen stoppar undervegs i Flatdal, Hjartdal og  
Sauland. Lunsj på Granavolden Gjestgiveri.  
Søsterkyrkjene på Gran. Eina kyrkje. Borgny  
Svalastog sin kyrjekunst. Middag og overnat-  
ting på Rondablikk høgfellshotell, Otta.



## DAG 2: fredag, 27.07.2018

### Pilegrimvandring

Frokost på hotellet. Fokstugu (gammal skysstas-  
sjon) og Guds Huset. Vandring i pilegrimsleden  
på Dovrefjell. Matpakkelunsj undervegs. Lengde  
på vandringa tilpassast kvar enkelt. Eysteinkyrkja  
på Hjerkin, tidebøn. Buss til Trondheim og over-  
natting på hotell sentralt i Trondheim. Middag  
etter eige ynske, på hotellet eller i byen.



## DAG 3: lørdag, 28.07.2018

### Stiklestad og spelet om heilag Olav

Frokost på hotellet. Trondheim. Lunsj på eiga  
hand. Buss til Stiklestad. Stiklestad kyrkje, ti-  
debøn. Stiklestad nasjonale kultursenter. Mid-  
delaldergården Stiklastadir. Folkemuseet. Mid-  
dag. Spelet om Heilag Olav. Buss tilbake til  
hotellet i Trondheim.



#### **DAG 4: søndag, 29.07.2018**

##### **Nidarosdomen**

Frokost på hotellet. Gudsteneste i Nidarosdomen. Erkebispegården, evt. kronregaliane. Lunsj i Tyholtårnet. Buss til Røros, Bergstaden Hotell (i sentrum). Middag etter eige ønske, på hotellet eller i byen.



#### **DAG 5: mandag, 30.07.2018**

##### **Røros og Femundsmarka**

Frokost på hotellet. Røros kirke, tidebøn. Vandring i Røros gater / Rørosmuseet-Smeltehytta. Buss til Femunden. Evt. båttur over Femunden til Elgå og lunsj etter eige ynskje, på båten eller medbrakt frå Røros. Femundsmarka. Trebåtkultur. Evt. sør-samisk senter og mat i gamle på samisk vis. Overnatting og middag på Bryggeloftet på Elvå ved Femunden.



#### **DAG 6: tirsdag, 31.07.2018**

##### **Elgå og Engerdal – og heim til Hjartdal**

Frokost på Bryggeloftet. Elgå kyrkje, tidebøn. Buss til Engerdal. Møte med Gjermund Eggen. Lunsj i Engerdal prestegard. Kaffe og kringle hos fru Eggen. Buss til Hjartdal, heime seint tirsdag kveld.



**Pris per person:** Om lag kr 8.300,- ved full buss  
Tillegg for enkeltrom; kr. 930,-

**Reiseleiarar:** Sokneprest i Hjartdal, Rune Lia, 90 98 08 03,  
rune.lia@hjartdal.kommune.no  
Diakon i Seljord og Hjartdal, Svanhild Rui Gustavsen,  
915 77 011.  
Påmelding til reiseleiarane. Turen har plass til 50 deltakarar.

*Atterhald om mindre endringar i program og pris. Turen er open for alle.  
Arrangør er Hjartdal sokneråd, i samarbeid med LB-TUR og Seljord kyrkjekontor.*



Ny gravstein - Navnetilføyer - Omslip - Oppretting

Kontakt vår representant i Seljord:

Ivar Johansen ☎ 917 67 672



Norges største utvalg av gravminner – se våre hjemmesider

[www.steinriket.no](http://www.steinriket.no) - [kontakt@steinriket.no](mailto:kontakt@steinriket.no) - Tlf. 33 15 64 64

HJELP OSS Å VÆRE HER.  
ALLTID.

Send en sms med  
kodeord 'ALLTID 4' til 2160 og gi oss 150,-

Kontonummer: 7177 05 23065



[kirkens-sos.no/telemark](http://kirkens-sos.no/telemark)

# T Nordgarden Bygg

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal  
Telefon: 95 87 34 62 – [nordgarden.bygg@hotmail.com](mailto:nordgarden.bygg@hotmail.com)

**ATELIER  
ÅSE**

3840 SELJORD  
Telefon 350 50 809

SAUM  
VEV  
TREARBEID  
STOFF  
GARN

Alt i møblar  
**BoSenteret as**

35 06 53 33

Møbel- og teppeforretning  
Postboks 44 - 3835 Seljord

*Smarte klær hele året fra*  
**EVELYNS MAGASIN A/S**

Seljord - Telefon 350 50 955

**MIN SALONG**

*Damefrisør*

Seljord - Telefon 350 50 296

**T. TVEITAN A/S**

Brøløsvegen - 3840 Seljord  
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør  
**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no) [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)

*Når du trenger elektriker*





VÅREN 2018:

Tysdag 10. april

Tysdag 08. mai

Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

Kl. 16.30 - 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskulen)



**BYGGMAKKER**  
**Seljord Elektriske**

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000

**BYGGMESTER**  
**T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**



**byggmester@live.no**



**Flatdal Handlaft as**  
**Telemark**

3841 Flatdal  
Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661  
[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)





granvin kulturhus  
seljord

## Granvin kulturhus AS

Minnesamvær På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær. Ta kontakt med oss.

Nyveg 16. 3840 Seljord – Telefon: 35065990  
epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no) – [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)



seljord  
Sparebanken DIN

Lokalbanken i Vest-Telemark  
Tlf: 35 06 57 00  
[www.sparebankendin.no](http://www.sparebankendin.no)  
[firmapost@sparebankendin.no](mailto:firmapost@sparebankendin.no)



*Statoil Service Seljord*

Forhandler Kjell Birger Teigen  
3840 Seljord  
Telefon: 35 05 04 88  
Telefon privat: 35 05 05 64  
Bankgiro: 2711.05.00179



**Funnemark SELJORD A/S**

*Ny eller brukt bil i alle prisklasser*  
Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal  
Rør as**

[post@morgedalror.no](mailto:post@morgedalror.no) - 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 SELJORD

## Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

*Alt i bakevarer*

# FØREMIDDAGSTREFF vår 2018

## FLATDAL

**Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00**

Flatdal Bedehus 18. april

Sion 9. mai

**Treng du skyss?**

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,  
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

## SELJORD MISJONSHUS

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00** 23. mars

*Med helsing Seljord sokneråd*

## STEINMOEN I ÅMOTSDAL

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00**

15. juni

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Steinmoen Bu – og servicesenter og  
Åmotsdal sokneråd*

## SION I LANGLIM

**Dag: Måndag Tid: kl. 11.00**

28. mai

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*



Nutheim  
Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen

Telefon 35 05 21 43

## KYRKJESKYSS



Med jamne mellomrom kjem det førespurnad om kyrkjeskysst til kyrkjekontoret. Kyrkjekontoret har ei liste med namn på folk som har sagt seg viljuge til å gjere ei slik teneste.

Dersom du ønskjer kyrkjeskysst kan du ringje kyrkjekontoret på tlf. 480 85 754.

Me treng sjølvsagt fleire som kan vere med på tenesta. Dersom du har høve til å stå på lista over dei me kan ringje til når nokon treng kyrkjeskysst, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

### ALT I INNRAMMING

Ring for avtale  
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:  
[www.rammeforum.com](http://www.rammeforum.com)

**RAMME**  
**F · O · R · U · M**  
3840 Seljord  
Telefon 35 05 02 10



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

## GUDSTENESTER

**Palmesøndag 25. mars**  
Flatdal kyrkje kl 11:00 Offer  
til diakoniarbeidet

**Skjærtorsdag 29. mars**  
Nutheim kl 19:00  
Offer til ungdomsarbeidet

**Langfredag 30. mars**  
Mandal kl 11:00  
Offer til kyrkjelydsarbeidet  
Seljord kyrkje kl 19:00 Offer  
til Helg & Høgtid

**Påskedag 1. april**  
Seljord kyrkje kl 11:00. Offer  
til Misjonsprosjektet NMS  
Svartdal kapell kl 15:00

**2. s. i påsketida 08. april**  
Flatdal kyrkje kl 11:00  
Offer til Misjonshøgskulen

**3. s. i påsketida 15. april**  
Åmotsdal kyrkje kl 12:00  
Tårnagentgudsteneste.  
Offer til barne- og ungdomsarb.

**4. s. i påsketida 22. april**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**5. s. i påsketida 29. april**  
Flatdal kyrkje kl 11:00 Sam-  
talegudsteneste konfirmantar.  
Offer til ungdomsarbeidet.

**6. s. i påsketida 6. mai**  
Seljord kyrkje kl 11:00 og 13:00  
Konfirmasjon.  
Offer til ungdomsarb.

**Kr.himmelfartsdag 10. mai**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Søndag før pinse 13. mai**  
Inga messe i prestegjeldet

**Grunnlovsdagen 17. mai**  
Seljord kyrkje kl 10:30  
Flatdal kyrkje kl 12:00  
Åmotsdal kyrkje kl 14:30  
Alle stader offer til barnearb.

**Første pinsedag 20. mai**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til NMS misjonsprosjekt.  
Flatdal kyrkje kl 11:00  
Konfirmasjon.  
Offer til ungdomsarbeidet.  
Åmotsdal kyrkje kl 13:00  
Konfirmasjon. Offer til  
ungdomsarbeidet.

**Treeiningssøndag 27. mai**  
Åmotsdal kyrkje kl 11:00  
Offer til sjømannsmisjonen

**2.s. i treeiningstida 3. juni**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Presentasjon konfirmantar.  
Offer til ungdomsarbeidet.

**3.s. i treeiningstida 10. juni**  
Flatdal kyrkje kl 11:00  
Offer til Menighetsfakultetet

**4.s. i treeiningstida 17. juni**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**5.s. i treeiningstida 24. juni**  
Åmotsdal kyrkje kl 17:00  
Pilegrimsmesse. Offer til Bibel-  
selskapet.

**6.s. i treeiningstida (apostelda-  
gen) 1. juli**  
Flatdal kyrkje kl 11:00  
Offer til Helg & Høgtid

**7.s. i treeiningstida 8. juli**

**Seljord kyrkje kl 11:00**  
Offer til Sjømannsmisjonen.

**8.s. i treeiningstida 15. juli**  
Fjellmesse Roe i Dyrlandsdalen  
kl 12:00.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**9.s. i treeiningstida 22. juli**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til Menighetsfakultetet

**10.s. i treeiningstida (Olavsda-  
gen) 29. juli**  
Uppigard Natadal kl 12:00  
Offer til Kirkens SOS i Telemark

**11.s. i treeiningstida 5. august**  
Inga messe i prestegjeldet

**12.s. i treeiningstida 12. august**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til Misjonshuset.

**13.s. i treeiningstida 19. august**  
Manndal kapell kl 11:00  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Servering av graut etter messa.

**14.s. i treeiningstida 26. august**  
Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer til NMS/Misjonsprosjektet

**15.s. i treeiningstida 2. sept.**  
Flatdal kyrkje kl 11:00  
Offer til Sjømannsmisjonen

**16.s. i treeiningstida 9. sept.**  
Seljord kyrkje kl 11:00  
Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

**17.s. i treeiningstida 16. sept.**  
Dyrsku'n kl 11:00  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

*Atterhald om endringar*